

Møte mellom barne- og ungdomsavdelinga (BUA) og praksiskonsulentane (PKO) den 16.12.21.

Tilstades på Join:

Normund Svoen
Anita Sørheim
Jan Ove Tryti
Anders Bjørkhaug

Tilstades i BUA:

Hildegunn Borkamo
Lea Larsen
Priyanka Pasupathi
Jakob Larsson
Cathrine Ullebø
Jorunn Sollid

Møteleiar og referent: Solveig H Berget

Agenda:

1. Behov for informasjonsskriv frå BUA innan enkelte fagfelt?
2. Samarbeid mellom Barne- og ungdomsavdelinga (BUA) og PKO/kommunehelsetenesta – oppdatering. Kva fungerer bra og kva bør endrast?
3. Avansert heimesjukehus
4. Prosjekt Ungdomsmedisin – heving av aldersgrense frå 16 til 18 år.
5. Tema-ønskje frå PKO?

1. Behov for informasjonsskriv frå BUA innan enkelte fagfelt?

BUA får tilvist ein del barn med enureseproblematikk/vannlatningsforstyrrelser. Det same gjeld for så vidt problemstillingar kring obstipasjon. Ofte kan ein ikkje tilby meir frå spesialisthelsetenesta enn dei tiltak som vert gjort hos fastlege/helsestasjon. Viser til når det gjeld vannlatingsforstyrrelser : <https://tidsskriftet.no/2020/01/klinisk-oversikt/vannlatningsforstyrrelser-hos-barn-en-praktisk-tilnaerming> og flytskjema Figur 1 : Behandling av urininkontinens hos barn. Må gjerne delast med samarbeidspartar i kommunen.

Om barnelege avviser ei slik tilvising, er det flott om det også går ut ei PLO-melding med forklaring og råd om å ta kontakt med helsesjukepleiar. PKO skryt av at barnelegane er flinke med rask respons på PLO-meldingar.

Ei anna utfordring for barnelegane er manglande vekstkurve når ein mottek tilvising. Problemet her er at fastlegen ikkje kan sende vekstkurve elektronisk, må evt sende denne via brev.

Løysing: fastlege kan få henta ut tal frå helsestasjonen via dialogmelding og sende legge det ved tilvisinga med «klipp og lim»-funksjon. Om dette ikkje skulle følgje med – etterlys gjerne pr PLO-melding.

Diabetes:

Forsøker å danne små ansvarsgrupper i kommunane i høve barn med vanskeleg regulert diabetes.

Barnelegen er med på video og diabetessjukepleiaaren reiser gjerne ut på opplæring.

HBA1C-svar vert teke med i møta.

2. Samarbeid mellom Barne- og ungdomsavdelinga (BUA) og PKO/kommunehelsetenesta – oppdatering. Kva fungerer bra og kva bør endrast?

Det er flott med tydelege og informative flytskjema ut til kommunelegane. RS-skjemaet utarbeida ved Ahus er eit døme på dette. Eit skjema som var til nytte for både barnelegar og kommunelegar. PKO opplever elles veldig uproblematisk samarbeid med barnelegane. Dei seier det aldri er problem med å vere i dialog og samarbeide på tvers, noko dei set pris på.

Det vert kalla inn til nytt PKO-møte på nyåret, elles er det mogeleg å ta eit møte utanom fastsett tid, om det er noko spesielt ein har behov for å diskutere.

3. Avansert heimesjukehus.

HUS fekk i oppdrag frå HV å leie prosjektet Avansert heimesjukehus: <https://helse-bergen.no/avdelinger/barne-og-ungdomsklinikken/avansert-heimesjukehus-for-barn-og-unge>

Barne og ungdomsavdelinga (BUA) i Førde har ikkje klart å bli med tidlegare grunna ressursutfordringar, men søker no om midlar til utarbeiding av mulighetsanalyse og pilotering. Her vil ein sjå på reiseavstand, fagområde mm, og informere ut så snart ein veit meir om oppstart.

Viktig med kontakt med Helsefellesskapet for barn og unge og Marthe Ulltang, samt å involvere psykisk helsevern for barn og unge.

4. Prosjekt Ungdomsmedisin i Helse Førde:

https://innsida.helse-forde.no/avdelingar/medisinsk%20klinikk/barne-%20og%20ungdomsavdeling/_layouts/15/WopiFrame.aspx?sourcedoc=%7B5A2675F9-4245-4E96-8803-CD38D6E5598E%7D&file=Ungdomsmedisin.pdf&action=default

Det vert jobba med å legge dette ut på internettidene til Helse Førde og BUA. Viktig med informasjon ut til kommunelegane om kva aldersgruppe som går til kva avdeling.

God jul og godt nytt år til alle og takk for godt samarbeid i 2021😊

Solveig H Berget

Avdelingssjef

Barne- og ungdomsavdelinga